



Arkivnr: 2017/16602-20

Saksbehandlar: Beate Bergsholm

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.02.2018

### Sal av Askøy bompengeselskap AS

#### Samandrag

Sal av aksjar i dei 10 bompengeselskapa Hordaland fylkeskommune eig, aleine eller saman med andre, til Ferde AS, er ei oppfølging av Meld. St. 25 (2014-2015) «På rett veg – reform i vegsektoren». Tilbodet frå Ferde AS gjeld alle ti selskap.

Fylkestinget handsama i møte 12.desember 2017 sak om «sal av bompengeselskap» og vedtok å handsame salet av bompengeselskapa i einskilde sakar.

Hordaland fylkeskommune eig 180 aksjar (60%) i selskapet. Askøy kommune eig 120 aksjar (40%) i selskapet. Hordaland fylkeskommune forutset at Askøy kommune sel sine aksjar i selskapet til Ferde AS.

Fylkesrådmannen rår til at aksjane i Askøy bompengeselskap AS vert selt for 195 660 og at Ferde AS inngår naudsynte avtaler med tilsette i selskapet.

**Økonomi:** Bompengeselskapa har lånegarantiar frå Hordaland fylkeskommune. Salsutbytet vert å setja på ubudne fond, jf delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune

**Klima:** Sal av aksjar har ingen påverknad.

**Folkehelse:** Sal av aksjar har ingen påverknad.

**Regional planstrategi:** Sal av aksjar har ingen påverknadForslag til innstilling/vedtak

#### Forslag til vedtak

1. Tilbod frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Bergen-Os bompengeselskap AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 18.01.2018**

## Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune etablerte saman med Sogn og Fjordane, Rogaland, Vest og Aust Agder fylkeskommunar, Ferde AS (tidlegare Sørvest bomvegselskap AS) som ein konsekvens av Meld St 25 (2014-2015) «På rett veg – reformar i vegsektoren». Meld st. 25 (2014-2015) omhandlar mellom anna reformar for bompengesektoren. Stortinget slutta seg til Regjering sitt forslag til reformar i bompengesektoren, der det vart lagt opp til ein overgang til eit fåtal bompengeselskap. Stortinget meiner at færre bompengeselskap kan bidra til auka profesjonalitet i sektoren for innkrevjinga og finansforvaltninga.

Ferde AS vart etablert i 2016 og har etter dette gjennomført ein prosess for å kome i posisjon til å overta drifta av og deretter å innfusjonere bompengeselskapa i eigarfylkene. Ferde AS har fremja tilbod på Hordaland fylkeskommune sine aksjepostar i dei ti selskapa. Fylkestinget vedtok sal av Bergen bompengeselskap AS i møte 12.desember 2017.

Av omsyn til sakshandsaminga, likebehandling av eigarar og naudsynte politiske prosesser i fylkeskommunen og kommunane er det vedteke å handsame salet av bompengeselskapa i ein skilde saker.

## Lovgrunnlag

Det er aksjelova som regulerer sal av aksjar i aksjeselskap. Salet av bompengeselskapa handterast etter reglane i aksjelova.

I følgje delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune er det fylkesutvalet som fattar vedtak i saker som gjeld aksjesal innanfor ei ramme på 2 mill. kr. Delegasjonsreglementet seier at salsutbytet vert å setja på ubudne fond. Rammene gjeld for det enkelte kjøpet/salet.

Fylkesutvalet er vedteke å vere eigarutval i Hordaland fylkeskommune, seinast i sak 119/2017 som vart handsama i møte i fylkestinget 12.desember 2017.

## Om salet

Askøy bompengeselskap AS vert selt så raskt som rå og i samsvar med tilbod frå Ferde AS. Salet omfattar heile aksjeposten på 180 aksjar og har ein pris på kr 195 660, jf revidert tilbod frå Ferde AS via Kluge advokatfirma.

Det er ein tilsett i selskapet ved salet. Hordaland fylkeskommune forventar at Ferde AS inngår naudsynte avtaler med den tilsette i samband med eigarskiftet og seinare ved fusjon av Askøy bompengeselskap AS inn i Ferde AS, jf aksjekjøpsavtalen sitt punkt 5.8.

## Fakta om selskapet

### ASKØY BOMPENGESELSKAP AS

<b>Organisasjonsnummer:</b>	813 009 862
<b>Adresse:</b>	Postboks 323, 5323 Kleppestø
<b>Stifta</b>	23.09.2013
<b>Dagleg leiar/kontaktperson:</b>	Odd Magne Utkilen
<b>Arkivnummer:</b>	2015/5513

#### Eigarar:

Hordaland fylkeskommune	180 aksjar	60%
Askøy kommune	120 aksjar	40%

**Aksjekapital:** kr 300 000  
**Eigenkapitalprosent:** 0,2%  
**Tilsette** Ingen

**Styre:**  
 Styreleiar: Kari Sørensen Bernardini  
 Styremedlem Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim  
                  Roald Steinseide  
                  Thorleif Reglund Thorsen (Askøy kommune)  
                  Stine Soltvedt Jakobsen (Askøy kommune)

**Varamedl:**  
 Tor André Ljosland  
 Siv Høgtun  
 Svein-Erik Aasebø  
 Nina Jarlind  
 Espen Berntzen

**Godtgjersler til styret:**  
 Det vart utbetalt kr 198 000 i styrehonorar i 2016.

**Hordaland fylkeskommunes eigarrepresentasjon:**  
 Hordaland fylkeskommune vel tre (3) medlemer til styret.  
 Hordaland fylkeskommune skal ha fleirtal i styret.

**Selskapets føremål:** Førestå delfinansiering av prosjekta i Askøy-pakka. Selskapet har ikkje som føremål å skaffa aksjeeigarane økonomisk utbytte og skal ikkje utdela utbytte.

**Nøkkeltal for selskapet:**

Eigenkapital:	kr 300 000
Driftsinntekter:	kr 86 594 000
Årsresultat:	kr 0
Likviditetsgrad:	1

**Nøkkeltal for Hordaland fylkeskommune:**

Bokført verdi på aksjar:	
Lånegaranti:	kr 1 100 000 000

**Fylkesrådmannens vurdering av Hordaland fylkeskommunes eigarskap:** Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter; å medverke til at vedtatt bompengefinansiering i samsvar med gjeldande bompengeproposisjon vert følgt, samt at innkrevjing og forvaltning av bompengane skjer i samsvar med gjeldande regelverk.

Fylkeskommunen har garantiansvar for selskapet sine lån, og det er derfor ein medviten eigarstrategi å inneha aksjefleirtalet – for å sikra seg at økonomiske disposisjonar i selskapet ikkje set den fylkeskommunale garantien i fare.

Vedlegg til saka:

- aksjekjøpsavtale frå Ferde AS v/ Kluge advokatfirma
- Orientering frå Ferde AS om arbeidsgjevarforhold i selskapet